

---

**Fra:** Postmottak Meland  
**Sendt:** 15. juli 2015 11:31  
**Til:** Postmottak Meland  
**Emne:** VS: Blom Fiskeoppdrett

---

**Fra:** Ola Midttun [<mailto:Ola.Midttun@fiskeridir.no>]  
**Sendt:** 15. juli 2015 10:33  
**Kopi:** Postmottak Meland  
**Emne:** Blom Fiskeoppdrett AS 840215512 - søknad om endring av anleggspllassering på lokalitet 11652 Kjeppevikholmen i Meland kommune - uttale

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Sakshandsamar: Ola Midttun  
Telefon: 46888567  
Seksjon: Region Vest forvalningsseksjon  
Vår referanse: 15/7742  
Dykkar referanse: 2015/4141-7  
Vår dato: 14.07.2015  
Dykkar dato: 03.06.2015

Att: Endre Korsøen

## BLOM FISKEOPPDRETT AS 840215512 - SØKNAD OM ENDRING AV ANLEGGSPLOSSERING PÅ LOKALITET 11652 KJEPPEVIKHOLMEN I MELAND KOMMUNE - UTTALE

Vi viser til brev av 03.06.2015 frå Hordaland fylkeskommune og søknad frå Blom Fiskeoppdrett AS om løyve til endring av anleggspllassering ved lokalitet 11652 Kjeppevikholmen i Meland kommune.

Fiskeridirektoratet region vest skal gje ei fagleg uttale om konfliktpotensialet knytt til fiskeriinteressene. Vår uttale omhandlar ei vurdering av konflikt med fiskeriinteressene i høve til arealbruk og det marine miljøet.

**På bakgrunn av vår kjennskap til fiskeriinteressene og det marine miljøet, kan vi gå inn for at det vert gjeve løyve til endra anleggspllassering ved lokalitet 11652 Kjeppevikholmen.**

### Om søknaden

Blom Fiskeoppdrett AS søker no om å få klarert areal for utlegging av eit plastanlegg med ei rammefortøyning som er 300 meter lang og 100 meter bredt. Samla overflate areal for merdanlegget vil vera 30 dekar. Anlegget vil bestå av 3 merdar, samt ein fôrflåte. Større ramme og justert plassering av anlegget medfører og at det vert

endringar i fortøyingsarrangementet. Det vert ikkje søkt om endra MTB på lokaliteten og produksjonskapasiteten vil framleis vere 2340 tonn.

## Vurdering av konfliktpotensial

### Fiske

Fiskeridirektoratet har registrert rekefelt vest/nordvest av der anlegget er lagt ut. Rekefelta er område som tradisjonelt har vore nytta til trålfiske og som framleis har potensial for slikt fiske ved auke i rekeressursar. Fiskeridirektoratet ser det som viktig at kjente rekefelt ikkje vert berørt ved utlegging av installasjonar som kan kome til hinder for tråling. Slik anlegget er planlagt utlagt, ser det ikkje ut som fortøyings-systema vil kome i berøring med rekefeltet. Vi kan heller ikkje sjå at endring av anleggspllassering vil få vesentlege negative konsekvensar for anna type fiskeriverksemd.

### Marint miljø

Blom Fiskeoppdrett AS skriv i søknaden at anlegget har i dag ein uheldig plassering i høve til borttransport av avfallsstoffer. Det ligg i le av ei flu som påverkar straumbildet, og dette har ført til opphoping av fôrrester under anlegget. Ved å flytte anlegget lenger ut vil ein få betre gjennomstrøyming i merdane og betre borttransport av avfallsstoffer, skriv Blom Fiskeoppdrett AS. Dei meiner at ved endra plassering av anlegget og med eit godt fôringsregime, vil dei ein oppnå tilfredsstillande miljøforhold under og ved lokaliteten.

Resultata frå dei siste miljøundersøkingane (MOM B) som vart utført på lokaliteten bekreftar langt på veg at anlegget slik det er lagt ut i dag, ikkje har ei gunstig plassering i høve til det marine miljøet. Endra plassering av anlegget slik Blom søker om, vil etter vår vurdering vere meir heldig m.o.t. spreiing av for-restar slik at sjøbotn under og i nærleiken av anlegget vert mindre belasta. Miljøundersøkinga på omsøkt område som syner tilstand 1, er eit godt utgangspunkt for å sjå vidare utvikling av miljøtilstand ved drift på lokaliteten. Det er derfor viktig at selskapet følgjer opp overvaking av det marine miljøet ved å utføre miljøundersøkingar iht. NS 9410.

Med helsing

Kari Morvik  
seksjonssjef

Ola Midttun  
seniorrådgiver

*Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan underskrift*



**Mottakarliste:**

Hordaland fylkeskommune      Postboks 7900      5020      BERGEN

**Kopi til:**

Fiskarlaget Vest	Slottsgt. 3	5003	BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland	Miljøvern- og klimaavdelinga	5020	BERGEN
Kystverket Vest	Plan- og Kystforvaltningsavdelingen	6025	ÅLESUND
Mattilsynet	Felles postmottak	2381	BRUMUNDDAL
Meland Kommune	Postboks 79	5906	FREKHAUG

**Vedlegg**